

Til
Kommunal- og regionaldepartementet

29.07.2011, Oslo
Ref: 6.4.2 TSH

Innspel til ny lov om bustøtte

Unge funksjonshemmede takkar for invitasjonen til å uttala oss om den nye loven om bustøtte, med tilhøyrande forskrift.

Unge funksjonshemmede er en paraplyorganisasjon med 32 ulike medlemsorganisasjonar for unge med ulike former for nedsett funksjonsevne eller kroniske sjukdommar. Bakgrunnen for Unge funksjonshemmede sitt engasjement for ein sosial bustadpolitikk er at dei gruppene me representerer har lågare arbeidsdeltaking og dårlegare økonomi enn gjennomsnittet. Difor er dei meir avhengige av ein sosial og inkluderande bustadpolitikk for å kunne bu godt. Bustøtta er ein sentral del av norsk bustadpolitikk.

I denne høyringsfråsegna vil me kort gjera reie for hovudsynspunkta våre på dei vesentlegaste punkta som er omtala i Kommunal- og Regionaldepartementet sitt høyringsnotat av 06.06.2011.

Ny lov om bustøtte

Unge funksjonshemmede er glade for at det blir laga ein eigen lov om bustøtta, og støttar den grunngevinga departementet har for dette.


Vedrørende § 8: Innhenting og handsaming av personopplysningar.

Unge funksjonshemmede stør departementet sitt framlegg om at det skal vera muleg å henta inn opplysningar utan samtykke. Som departementet har gjort reie for er dette mest effektivt og rekningsssvarande. Innhenting av meir eller mindre sensitive opplysningar i samband med søknadar om offentlege støtteordningar er vanleg på andre samfunnsområde. Sidan bustøtta går til mange som er i ein utsett økonomisk situasjon er det viktig at dei som faktisk har rett på ordninga får nytta godt av ho. For legitimiteten til ordninga er det òg viktig å sikra seg mot misbruk gjennom at det blir gjeve feil eller mangelfulle opplysningar ved søknad om bustøtte.

Unge funksjonshemmede ser òg at det er naudsynt at ulike forvaltningsnivå skal kunne få innsikt i opplysningane i bustøtteregisteret. Me føresett likevel at departementet gjennom forskrift og rundskriv sikrar at dette berre blir gjort når det faktisk er naudsynt for å sikra rettviss bruk av offentlege middel.

Vedrørende § 9: Overføring av krav på bustøtte / Transport.

Unge funksjonshemmede er glade for at ordninga med tvungen transport forsvinn. Vidare er me opptekne av at når den nye loven med forskrift skal settast ut i praksis må det stillast klare krav til opplysning og at transporten verkeleg skal vera frivillig. Mange kommunar ynskjer, av opneberre økonomiske grunnar, å bygga "omsorgsgettoar", kor unge pleietrengande, særleg



unge utviklingshemma, blir busett, i staden for at dei skal få høve til å bu ute i samfunnet som andre. Ordninga med frivillig transport må ikkje kunne brukast til å pressa unge og deira føresette til å godta denne type bustadprosjekt.

Vedrørande § 10: Tilbakebetaling og etterkontroll

Unge funksjonshemmede er som tidlegare nemnt opptekne av bustøtta sin legitimitet. Automatisk etterkontroll vil styrka legitimiteten. 10 000 kr for mykje utbetalt er etter vårt syn ein passende terskel for kva tid krav om tilbakebetaling kan vera aktuelt.

Når det gjeld dei fire ulike alternativa for kva tid krav til tilbakekrav skal slå inn støttar me alternativ 4, altså 100 000 kr over øvre inntektsgrense. Bakgrunnen for dette er at mange unge med nedsett funksjonsevne har varierende inntekter. Mange unge uføre (unge på varig uførepensjon) jobbar ein del frå tid til anna, når helsa tillet det, og det er jobb å få. Men den nye uførepensjonsordninga blir insentiva, i fylje Arbeidsdepartementet, sterkare for å jobba så mykje som muleg ved sidan av uførepensjonen. Ved å setta ei relativt høg grense for kva tid det blir krav tilbake pengar unngår ein at bustøtteordninga straffar unge uføre som jobbar litt ved sidan av pensjonen.

Eit argument som kan nyttast mot fleire av dei andre alternativa er at dei krev tilbake pengar frå personar som, sjølv etter auka inntekt, har sers låge inntekter i norsk målestokk. Dette står ikkje i stil med målet om at bustøtta skal hjelpa folk i ein vanskeleg økonomisk situasjon.

§ 13: Klageordning

Unge funksjonshemmede er glade for at dette kjem på plass.

Forskrift om bustøtte

§ 3 Øvre grense for buutgifter.

Unge funksjonshemmede meiner desse grensene gjennomgåande er for låge. Det viktigaste er å sikra at dei blir jamnleg oppjusterte, i takt med auka bustadprisar. Dette bør ikkje vera eit resultat av politiske vurderingar ved kvart einskild statsbudsjett, men fylja av ein regel om justering knytt til eit offisielt mål for utviklinga i bustadprisar, som blir satt inn i forskrifta. Vidare trengst det ein regel som slår fast kva kommunar som skal vera ein del av dei høgare grensene formulerte i bokstav A, B og C i andre ledd i forskrifta.

I tredje ledd står det at om husstanden pga funksjonshemma medlem treng spesialtilpassa bustad, kan den øvre grensa for buutgifter bli auka med inntil 3000 kr årleg. Unge funksjonshemmede er sers positive til at denne ordninga finst, men meiner at summen på 3000 ikkje står i samsvar med dei ekstrakostnadane ein spesialtilpassa bustad i visse tilfelle kan medføre. I dagens ustadmasse er det relativt få universelt utforma bustadar, og dei har ofte meir plasskrevjande planløysningar. 3000 kr årleg dekker ikkje ekstraavgifter for serleg mange ekstra kvadratmeter. Unge funksjonshemmede meiner taket bør hevast til 10 000 kr.

§ 4 Eigendel

Tredje ledd slår fast at inntektsgrensa er høgare for unge uføre. I samband med uførereformen blir uførepensjon skattbar. For å kompensera for dette blir bruttonivået på ordninga kraftig heva, sånn at nettoresultatet, etter skatt, blir om lag like utbetalingar som tidlegare. Den heva bruttoinntekta vil gjera at fleire kjem over inntektsgrensa på 185 000. Denne må difor justerast

tilsvarende opp som bruttoveksten i uførepensjonen, for å unngå at unge uføre fell mister rett på bustøtte sjølv om nettoinntekta deira ikkje aukar.

§ 6 Formue som blir lagt til inntekt

Unge funksjonshemmede ser det som viktig at ulike bustadsosiale ordningar spelar saman. Eit viktig mål i norsk bustadpolitikk er å hjelpa økonomisk utsette grupper inn på eigarmarknaden. For å få kjøpt bustad må ein i dag ha ein ikkje ubetydeleg eigenandel, i form av oppspart formue. Denne formua må ein spara opp medan ein leiger. For å unngå at bustøtta gjer det vanskelegare for folk å få kjøpt, meiner Unge funksjonshemmede at fribeløpet bør hevast frå 250 000 kr til 500 000. Me ser at det trengst eit tak for kor stor formue ein kan ha samstundes som ein får støtte, men meiner det bør vera muleg å spara opp ein eigenandel til å kjøpa bustad seinare.

Ta gjerne kontakt for utdjupande kommentarar.

Helsing frå

Adrian Tollefsen

adrian@ungefunksjonshemmede.no / tlf 90 27 56 95.

Unge funksjonshemmede

